

# ÅRSPLAN SFO

## SJERNARØY OPPVEKSTSENTER

### SKULEÅRET 2025/2026



#### **Fast personal i SFO:**

Rannveig Øvrebø

Kjellaug Røiseland

Kathleen Hebestreit

Anna Blawat

SFO-leiar

SFO-assistent

SFO-assistent

Pedagogisk leiar i barnehagen

## **Kontaktinformasjon**

Me nyttar VIGILO som kommunikasjonsverktøy. Ved hastehendingar kan de nå oss på telefon.

Jarand Larsen-Rodvelt, avdelingsleiar

Telefon: 456 07 269

E-post: [j.larsen-rodvelt@stavanger.kommune.no](mailto:j.larsen-rodvelt@stavanger.kommune.no)

Rannveig Øvrebø, SFO-leiar

Telefon: 917 77 989

E-post: [rannveig.ovrebo@stavangerskolen.no](mailto:rannveig.ovrebo@stavangerskolen.no)

## **SFO-tilbod på Sjernarøy**

- Sjernarøy oppvekstsenter har eigen SFO-avdeling. Me gir tilbod om 60% eller 100% plass. Søknad og oppseiing av plass skal gjerast på Stavanger kommune sin nettstad.
- Dagane for 60%, skuleåret 2025-2026, er tysdagar, onsdagar og torsdagar. Dette gjeld også i skuleferiane.
- SFO samarbeider tett med barnehagen, og ein vil ofte sjå at ungane går mellom SFO og barnehage og at personalet vekslar mellom avdelingane.

## **Praktiske opplysningar**

- Nytt av året er at SFO er lokalisert på rom 113, der Knøttene tidlegare var.
- Morgon-SFO er i lag med barnehagen. Klokka 16.00 går som hovudregel dei SFO-tilsette heim, og då er SFO inne i barnehagen resten av dagen.
- Beskjedar og fråvær: send beskjed i Vigilo. Som hovudregel vil Rannveig svare på desse meldingane.
- Skiftetlede: SFO er ute i all slags vær. Sørg for at ditt barn alltid har tilgjengeleg klede etter vær og årstid. Me ønskjer at ungane alltid har tilgjengeleg:
  - Vind og vanntett yttertøy, støvlar.
  - Skiftetøy (truse, sokker, bukse og genser).
  - Gode sko.

- Feriar: Me har tilbod om heildags-SFO frå 1. august til skulestart, haustferien, juleferien, vinterferie, påskeferie og frå skuleslutt til 30. juni. Heildags-SFO er i tett samarbeid med barnehagen.
- SFO er stengt i heile juli.
- Rammeplan og vedtekter: sjå kommunen sine heimesider under skule/SFO.

### **Leiken i SFO**

Leiken har ein stor plass i SFO. Me ser det som viktig at ungane får gode moglegheiter for leik. Ungane utviklar språk, intellektet, fantasien, motorikken, kjenslene og sansane sine gjennom leik.

Me ser at leik har ein viktig plass i barnets utvikling og sjåast som eit pedagogisk virkemiddel for å fremme barnets utvikling. Leiken gir spenning og utfordringar, samstundes som den kan vere ei førebuing til oppgåver og plikter som vil oppstå etter kvart som barna blir eldre. Leiken stimulerer også sosial læring. Det blir stilt krav til openheit og fleksibilitet, og den forutsetter evnen til å respektere og ta andres perspektiv.

Barnet får gjennom leiken øvd seg på å stå for eigne haldningar, inkludere, respektere og vera tydeleg og engasjert. Leiken bør derfor ha gode vilkår. Dette stiller krav til tilrettelegging og engasjement. Me i SFO kjenner at den frie leiken blir godt ivaretatt her hos oss.

Me er mykje ute og koser oss inne. Både inne og ute tilrettelegg dei vaksne for leik.

Me samarbeider tett med barnehagen og tek utgangspunkt i deira årshjul. Samstundes følger me skikkar og tradisjonar ellers i Noreg, og markerar dager som karneval, påske, halloween og jul.

### **Rydding**

Me legg stor vekt på å lære barna å rydde etter seg ved overgang frå ein aktivitet til ein annan. Me jobbar også for å få barna til å ta ansvar for sine ting. Med så mange barn samla på ein plass er det viktig å halde orden på sine ting, som ryggsekk, klede og anna utstyr.

NB! Hugs å merke klede med namn.

## **Foreldresamarbeid**

Det hender ofte det går tid utan at de treff personalet i SFO. Det kan hende barnet dykkar tar skuleskyss eller anna skyss heim. Det kan og opplevast travelt å ta opp ting i hentesituasjonar. Er det ting de lurar på, eller ønskjer ein samtale, ta kontakt med oss. Er det spesielle ting me ynskjer å ta opp med dykk, tar me kontakt.

## **Samarbeid med barnehagen**

SFO og barnehage samarbeidar tett på Sjernarøy. Me har ein tradisjon for at 5-åringane i barnehagen får vere ein del inne i SFO, særleg på våren. Dette bidreg til trygge overgangar for barn og er med på å sikre eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø for ungane.

Me vil dette skuleåret ha endå større fokus på samarbeid mellom SFO og barnehage. Dette vil dykke foreldre særleg merke gjennom at tilsette i barnehagen også er inne i SFO. Me veit at når ungar får leike på tvers av alder, bidreg det til ei positiv utvikling både for dei yngste og dei eldste. Samstundes er det viktig at dei aller yngste i barnehagen får litt ro frå dei eldste i barnehagen. Når barnehage og SFO samarbeider tett, har me i større grad høve til å dele gruppene ut i frå dagsformen til ungane og kva behov dei har.

## **Aktivitetar og markeringar**

SFO følg same årsplan og -rytme som oppvekstbarnehagane og samfunnet forøvrig. Me markerer mellom anna halloween, jul, karneval, påske og så vidare.

Onsdagar er lang dagar i SFO, frå 11.45 - 16.30. Desse dagane vil det bli lagt opp til organisert aktivitet. Dei andre vekedagene legg me for det meste opp til frileik, ute og inne.

Barnehaget sitt årshjul ligg ved, på neste side.

